
Fra: Øyvind Samnøy <oeyvind@samnoey.no>
Sendt: 29. juni 2020 21:11
Til: Postmottak KD
Emne: Høringssvar Ny Opplæringslov

Hei!

Forslag til ny opplæringslov (NOU 19:23) er ute til høyring. Der kjem det mellom anna forslag om at kommunane får høve til å avslå eller godtaka heimeundervisning for born. Det skal altså søkjast til kommunen.

Dette er svært uheldig. Ei slik ordning gjer foreldre som finn heimeundervisning best for sine born, prisgjevne kommunane sine økonomiske prioriteringar og politiske samansetningar. Det er då ikkje lenger rettar på prinsipielt grunnlag som vert avgjerande. Det bør framleis berre vera undervisningsplikt, ikkje skule-plikt i Noreg. Eg vil på det sterkaste be om at staten framleis vil verna om menneskerettane, foreldreretten og fridommen til å undervise eigne born heime utan etter søknad til kommunen! **Det har aldri vore søknadspliktig og skal heller ikkje vera det å ha heimeundervisning av eigne born.**

Eg bed om at dette vert retta opp i det som skal verta ny opplæringslov.

Øyvind Samnøy, Fortun i Sogn